



Fritidssjef Ulf Ludvigsen  
Kommunalteknisk sjef Frank Bjørnø  
Konstituert biblioteksjef Elisabeth Kolstø  
Park- og vedlikeholdssjef Kirsten Olafsrud Vestvik  
Reinholdsleiar Anne Høyne  
Landbrukssjef Atle Barkve  
Fagansvarleg byggesak Ragnar Rydning  
Fagansvarleg regulering/oppmåling Peter Willmann  
Rådgevar Svein Oftedal  
Prosjektleiar Arne Ove Teigen  
Prosjektleiar Egil Inge Brunes

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
11/859-10	24101/11	044 &00	LU/LU/KS	

## DELEGERINGSREGLEMENT FOR LOKAL UTVIKLING

Viser til vedtak i kommunestyret sak 34/11 pkt. 2 ; ”Delegeringsreglement for rådmannen” og skriv om vidaredelegering frå rådmannen datert 20.09.2011 (Ref. 11/859-8).

Eg viser og til kommunestyrevedtak i sak 33/11 ”Reglement for kommunale byggjesaker” (Ref. 11/845-2).

### **Kommunalsjefen vidaredelegerer slik:**

**(der det ikkje er angitt vidaredelegering gjeld skriv frå rådmannen av 20.9.2011)**

#### 1. ANSVARS- OG ARBEIDSOMRÅDE

##### 1.1 Generelt

##### 1.2 Arbeidsgjevaransvar

##### 1.3 Rådmannen sine oppgåver og myndighet etter KommuneLOVEN § 13.

##### 1.4 Delegert myndighet til rådmannen på vegne av kommunen som rettssubjekt

##### 1.5 Rådmannen sine fullmakter innan økonomiforvaltninga

##### 1.6 Tilvisingsmyndighet

Vidaredelegering frå kommunalsjef til :

Avdelingsleiarane innafør eigne ansvarsområde.

Desse har ansvar for at kommunale utbetalingar skjer i samsvar med fullmakter. Oversikt over delegert tilvisingsmyndighet skal haldast à jour. Kommunalsjefen visar og til økonomireglementet.

##### 1.7 Fullmakter innan personalforvaltning

Vidaredelegering frå kommunalsjef til:

Avdelingsleiarane innafør eigne ansvarsområde.

Unntaka går fram av vedtatt Delegeringsreglement og eige reglement på dette område.

## **1.8 Uttale**

### **1.9 Saker som gjeld kommunal eigedom**

Vidaredelegering frå kommunalsjef til:

Park- og vedlikeholdssjef får fullmakt til å leiga ut kommunale utleigebustader og inngå leigekontrakt etter retningsliner og rammer fastsett av kommunen.

### **1.10 Andre saker**

## **2. DELEGERING ETTER SÆRLOV**

### **2.1 Stabs- og fellestenester**

- **Straffeloven av 22. mai 1902 nr. 10**
- **Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27**
- **Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55**
- **Lov om trdomssamfunn og ymist anna av 13. juni 1969 nr. 25 og Lov om tilskott til livssynssamfunn av 12. juni 1981 nr. 64**
- **Lov om Den Norske Stats Husbank av 1. mars 1946 nr. 3 med forskrifter**
- **Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56**

Vidaredelegering til kommunalteknisk sjef:

Samordning av beredskapsplanar - § 6 i forskrifta

- **Lov om behandling av personalopplysninger av 14. april 2000 nr. 31**
- **Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersoner av 17. juli 1992 nr. 99**
- **Lov om megling i konfliktråd av 15. mars 1991 nr. 3**

### **2.2 Etat for lokal utvikling**

- **Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108**
  - Myndighet etter loven i saker som ikkje er av prinsipiell karakter blir delegert til biblioteksjefen.
- **Fordeling av tilskot til frivillige organisasjonar**
  - Fritidssjefen har myndighet til å avgjera enkeltsøknader om tilskot til kulturføremål i samsvar med gjeldande retningsliner med følgjande unntak:
    - Tilskot til nyanlegg (med inntil kr. 100 000,-)
- **Lov om vaksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95**
  - Fritidssjefen har myndighet til å fordela midlar til vaksenopplæringstiltak i organisasjonane innanfor budsjettrammene, og i samsvar med vedtekne reglar - § 6
- **Fordeling av brukstider**
  - Fritidssjef og Park- og vedlikeholdssjef har myndighet til å fordela brukstider blant brukargrupper for bygg og anlegg som kan nyttast til kulturelle og idrettslege føremål innan sine tenesteområde.

- **Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50**
  
- **Lov om vern mot forurensinger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 med forskrifter**
  - Kommunen sin myndighet i alle saker som ikkje er avdelingsovergripande eller av prinsipiell karakter blir delegert til kommunalteknisk sjef og landbrukssjef innan sine ansvarsområde.
  
- **Lov om kommunal vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17**
  - Kommunalteknisk sjef får delegert myndighet til å gjennomføra avgiftsvedtak og krevja inn avgift.
  
- **Veglova av 21. juni 1963 nr. 23**
  - Myndigheten som vegstyremakt for kommunale vegar blir delegert til kommunalteknisk sjef i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter - § 9, 3. ledd
  
- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plandelen) av 27. juni 2008 nr. 71**
  - Bygnings- og reguleringsjef (nå dei fagansvarlege) får delegert myndighet i saker som ikkje er av prinsipiell karakter innan sine arbeidsområde.
  
- **Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45**
  
- **Vegtrafikkloven av 18. juni 1965 nr. 4 med forskrifter**
  - Kommunen sin skiltmyndighet, trafikk- og fartsreglar, særleg forbod mot trafikk og parkering, myndighet til å ilegga parkeringsgebyr og tilleggsavgift m.m. blir delegert til kommunalteknisk sjef - §§ 4-8
  
- **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82**
  - Kommunen sin myndighet etter § 6 (løyve etter søknad) i saker som ikkje er av prinsipiell karakter blir delegert til rådgjevar Svein Oftedal.
  
- **Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31**
  - Kommunen sin myndighet i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
  
- **Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr.101 (matrikkelloven)**
  - Fagansvarleg regulering får delegert kommunen sin myndighet etter matrikkelloven i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
  
- **Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 og tilhøyrande forskrifter og rundskriv**
  - Landbrukssjef har myndighet til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter

- **Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom av 28. november 2003 nr. 98 (Konsesjonsloven)**
  - Myndighet til å ta avgjerd i saker av ikkje-prinsipiell karakter blir delegert til avdelingsleiarane innan sine ansvarsområde i følgjande saker:
    - Saker vedr. konsesjon etter §§ 2 og 3
    - Saker vedr. konsesjon på ei enkelt bustadtomt eller tomt for fritidsbustad som det ikkje er bygt på, tomtstorleik inntil 2 da - § 4-1, 1. ledd
    - Gje uttale om konsesjonsfritak - § 4-4
    - Saker vedr. konsesjon på eiendom med avgrensa konsesjonsfridom - § 4, 2. ledd og § 7
    - Saker vedr. fritak frå bu- og driveplikta for inntil 5 år - § 5, 2. ledd (jfr. også odelsloven § 27, 3. ledd)
    - Saker vedr. konsesjon for andre ubebygde arealer, jfr. § 4, 1. ledd nr. 3.
  
- **Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58**
  - Kommunen sin kontroll med at bu- og driveplikt blir oppfylt, blir delegert til landbrukssjefen.
  
- **Lov om forpaktning av 25. juni 1965 nr. 1**
  - Landbrukssjefen får fullmakt til å godkjenna forpaktingsavtale, og setja vilkår for denne - §§ 4 og 7.
  
- **Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7. juni 1996 nr. 32**
  - Park og vedlikehaldssjefen blir delegert myndighet til å avgjera kven som sørgjer for gravferd viss etterkomarane er usamde - § 9, 3. ledd.
  
- **Lov om jakt og fangst av vilt av 29. mai 1981 nr. 38**
  - Delegering slik:
    - §§ 13 og 14A – felling av skadevilt (rådgjevar Svein Oftedal)
    - § 16 – fellingsløyve etter fastsette areal og kvotar (jaktval) (landbrukssjefen)
    - § 17 – vilkår for felling (rådgjevar Svein Oftedal)
    - § 18 – grunnlag for minsteareal (rådgjevar Svein Oftedal)
    - § 39 – obligatorisk jegerprøve (rådgjevar Svein Oftedal)
    - § 40 – fastsetjing av fellingsavgift etter statlege normer (rådgjevar Svein Oftedal)
    - §§ 43 og 48 – viltfond og bruk av vilt som tilfell fondet (rådgjevar Svein Oftedal)

### **Generelle kommentarar frå kommunalsjefen :**

- ✓ Kommunalsjefen føreset god informasjon frå sine næraste leiarar samt nødvendig drøfting av aktuelle saker som er av stor viktighet for kommunen.
- ✓ Saker med økonomisk ramme ut over inneverande årsbudsjett skal alltid avklarast med kommunalsjef.
- ✓ Kommunale byggjeprosjekt skal gjennomførast i samsvar med vedteke reglement for kommunale byggjeprosjekt. Prosjektleiarane sine fullmakter ved inngåing av kontraktar går fram av reglementet.
- ✓ Når du vidaredelegerer til andre i eigen avdeling, må du dokumentere dette skriftleg og i tillegg informere aktuelle om slik vidaredelegering.

- ✓ Kommunalsjefen skal orienterast så tidleg som råd i saker som kan få vesentleg medieomtale.
- ✓ Uttale til media : Klepp kommune praktiserer på dette område stor grad av frihet, åpenhet og ansvar for sine leiarar. Kommunalsjefen ber den einskilde ta omsyn til kommunen sitt omdøme og omsynet til kolleger når ein uttaler seg i saker. Regelen er at ein berre uttaler seg om saker innan eige ansvarsområde.
- ✓ I høve til eventuelle kriser/katastrofar gjeld eigne retningsliner. Jmfør m.a. kommunen sin overordna ”Krise- og beredskapsplan”.

Klepp kommune, 24.10.2011

Kåre Strand  
kommunalsjef

Kopi til: Rådmannen